



Notat til orientering

Til: Hovudutvalet for opplæring

Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Høyring - Forslag til endring i organisering av skuleåret i vidaregåande opplæring

Utdanningsdirektoratet sendte 21.12.2018 ut på høyring eit forslag til endring i organisering av skuleåret i vidaregåande opplæring.

Forslaget til endring er som følger:

- eksamen på studieførebuande kan gjennomførast på 5 dagar, ved å ha to alternative eksamensdagar for alle trekkfag som elevane vanlegvis tek på vg3
- elevane blir kjent med kva eksamen dei kjem opp i tidlegare, f. eks to eller tre veker før første eksamen
- standpunkt skal ikkje fastsetjast før lokalt gitt eksamen vert gjennomført
- skuleåret skal ikkje nødvendigvis vare i 38 veker så lenge all opplæring er gjennomført

Høyringsfristen er sett til 21.03.2019. Høyringa er open for alle, og dei som ynskjer det, kan sende inn uttale.

Fylkesdirektøren for opplæring har sendt høyringa ut til dei vidaregåande skulane, ungdomspolitisk utval og elevorganisasjonen. Det er komme innspel frå fem av skulane og frå ungdomspolitisk utval. Innspela er innarbeidde i felles høyringsfråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Bakgrunn for høyringa

Utdanningsdirektoratet vart bedne om å sende på høyring ulike forslag til endringar i organisering av skuleåret i vidaregåande opplæring for å sikre elevane minste årstimal etter opplæringslova. Dei skulle vurdere mulege organiseringar av skuleåret i lys av utfordringar knytt til undervisningstid, eksamen og eksamensførebuingar. Arbeidsgruppa fann at eksamensperioden var den enkeltårsaken som førte til at flest undervisningstimar fall bort.

Fylkesdirektøren for opplæring har vurdert kvart av punkta i høyringsforslaget, sjå vedlegg.